



Bygdeforskning notat nr.3 1983



Reidar Almås:
Maskulint og feminint på
landsbygda idag.



NLVF's bygdeforskningsgruppe
senter for samfunnsforskning,
Universitetet i Trondheim.

REIDAR ALMÅS

MASKULINT OG FEMININT PÅ LANDSBYGDA I DAG.
NYARE TENDENSAR I UTVIKLINGA AV ARBEIDSDELINGA I
LANDBRUKET OG BONDEKVINNENES DELTAKING PÅ
ARBEIDSMARKNADEN.

NOTAT NR 3 1983

NLVF'S BYGDEFORSKNINGSGRUPPE
SENTER FOR SAMFUNNSFORSKNING
UNIVERSITETET I TRONDHEIM

Føreord.

Dette notatet er det første spadestikket Bygdeforskningsgruppa ved Universitetet på Lade tar for å klarlegge det som skjer omkring kjønnsrollene i landbruket og bondekvinna sin arbeidssituasjon. Ved sida av vårt eige miljø er det henta inspirasjon i den gruppa av studentar og lærarar på Historisk Institutt som arbeider med det såkalla bondesamfunnsprosjektet. Dagfinn Slettan har i så måte vore ein nyttig kontakt og har formidla stoff om linjene bakover. Det same har etnologen Brit Berggren gjort. Men båe to har samtidig vist sans og interesse for det som skjer i dag.

Dessutan vonar eg at dette skal bli startskottet til ei brei utvikling rapportar og hovudoppgavar ved Bygdeforskningsgruppa som tar for seg bondekvinnene sin situasjon og familiebruket som arbeidsorganisasjon og sosial institusjon. Ei vidareføring av dette notatet er alt i gang. Underskrevne, Kirsten Vik og Jørn Ødegård vil alt i vår legge fram eit paper som drar inn data frå vår eigen intervjuundersøkelse. Samtidig søker vi å plassere oss i det internasjonale bildet av forskning om kvinner i landbruk og bygdemiljø.

Trondheim 23.3. 1983

Reidar Almås

INNHALD.

	Side
1. Innleiing	1
2. Problemstillingar og data	2
3. Kva skjer med kvinnes yrkessituasjon på grunn av tilbakegangen i landbruksnæringa?	3
3.1. "Avtausiseringa"	5
3.2. "Avtantiseringa"	6
3.3. "Avkoniseringa"	6
3.4. Mellomkonklusjonar	7
3.5. Forklaringar	7
4. Kva skjer med kvinnearbeidet når kombinasjonsnæringane går tilbake?	9
4.1. Omsorgsbonden	9
4.2. Tradisjonell og moderne arbeidsdeling	11
4.3. Mellomkonklusjon	14
4.4. Forklaringar	14
5. Kva skjer med kvinnes yrkesdeltaking når landbruket blir modernisert?	17
5.1. Spesialisering	17
5.2. Mekaniseringa	19
5.3. Kapitalisering	20
6. Avsluttande konklusjon	21

Litteratur.

1. Innleiing

Dette notatet tar utgangspunkt i arbeidssituasjonen for kvinnene på landsbygda i eit utvikla kapitalistisk land. Vi ønsker å diskutere korleis dei sosiale og økonomiske endringane i tida etter den andre verdenskrigen har påverka kvinna si yrkesdeltaking.

Dette er interessant av fleire grunnar. For det første av likestillingsomsyn. Bondekvinnene har alt reist spørsmålet om sin yrkesstatus og sin rett til sosiale trygder. Dessutan viser granskingar som er gjort ei betydelig under-
sysselsetting blant bygdekvinner. Det vil og vera av stor fagleg interesse å undersøke dei nyaste utviklings-
trekk i arbeidsdelinga på landsbygda. Desse spørsmåla har både ei kvinne-sosiologisk og ei bygde-sosiologisk side. I kvinne-sosiologien har ein vore opptatt av korleis arbeids-
deltaking og eigen økonomi påverkar kvinnenens innflytelse og sosiale posisjon. Endringar i kvinnenens yrkessituasjon vil såleis kunne vere med på å endre på maktposisjonen hennar. I bygde-sosiologien har ein sett på korleis endringar i yrkesmønstret har påverka landsbygda som sosialt system. Det har skjedd ein overgang frå eit primærnærings-
basert lokalt fellesskap til eit differensiert næringsliv med mange åpne kanalar ut av det lokale samfunnet. Korleis påverkar dette kvinna si stilling når ho ofte er den som er tilbake i lokalsamfunnet i store delar av døgnet.

2. Problemstillingar og data

Vi vil drøfte tre viktige problemstillingar.

- a) Kva skjer med kvinnes yrkesdeltaking når landbruksnæringa går tilbake?
- b) Kva skjer med kvinnes yrkesdeltaking i dei tradisjonelle yrkeskombinasjonane går tilbake?
- c) Kva skjer med kvinnes yrkesdeltaking når landbrukssektoren blir modernisert?


Vi vil her rette søkelyset mot tre trekk: spesialisering, mekanisering og kapitalisering. Dei data vi har tenkt å bruke kjem frå tre kjelder.

1. Lokalsamfunnsanalysar frå ulike delar av Norge. Dette gjeld arbeid som er gjort innafor historie, sosiologi og sosialantropologi. Noen av desse er gjort i dei typiske fiskeridistrikta i Nord-Norge. Andre er gjennomført i mjølkeproduksjonsstrøka i midt-Norge. Endeleg er noen gjennomført på Austlandet eller i Trøndelag der planteproduksjon er viktig.
2. Deltakande observasjon i eitt lokalsamfunn i eit mjølkeproduksjonsområde i midt-Norge. Ein av artikkelforfattarane har vokse opp i dette samfunnet.
3. Survey-data frå to landsomfattande representantive undersøkingar. Den eine er Levekårsundersøkelsen 1980 som vart gjennomført av Statistisk Sentralbyrå. Den andre er vår eigen Helseundersøkelse 1982 som også vart gjennomført i samarbeid med det same statistiske sentralbyrået. I båe desse undersøkingane er det med spørsmål om arbeidsdelinga i hushaldet og om yrkesdeltaking. Vi har derimot ikkje tilgang på data attende i tid for desse gruppene. Denne mangelen på longitudinelle data gjer at våre hypotesar ikkje blir fullt testa når det gjeld tida like etter andre verdenskrigen. Vi søker å bøte på denne mangelen på longitudinelle data ved å trekke inn eigne observasjonar og samanlikne med analysar av case-studiane.

3. Kva skjer med kvinnenenes yrkesaktivitet på grunn av tilbakegangen for landbruksnæringa?

Næringsutviklinga etter den andre verdenskrigen har vore karakterisert ved ein sterk tilbakegang for primærnæringane og ein sterk vekst i den tenesteytande sektor.

Fig. 1. Yrkesaktive etter hovedgruppe av næringar. 1875-1980. Prosent.



Kjelder: Historisk statistikk 1978 og Statistisk Årbok 1982.

Av denne figuren ser vi at den raske tilbakegangen for primærnæringane som starta alt før andre verdenskrigen, har vorte kompensert ved ein tilsvarende sterk framgang i dei tenesteytande næringane. Denne framgangen starta omlag 1950 og held framleis fram. Den kom først i dei sentrale strok av landet, men har i 60- og 70-åra også spreidd seg til dei rurale strok. Framgangen for dei tenesteytande næringane i 50- og 60-åra kom for det meste i offentleg

administrasjon og i 60-åra særleg innan utdanningssektoren. I 70-åra har framgangen kome for det meste i helse- og sosialsektoren. Den rurale veksten skjedde først ved at kommunane, den lokale administrative enhet, vart slått saman til større enheter i 60-åra. Omtrent på same tid vart også dei lokale skolekrinsane slått saman til større enheter. Saman med innføringa av ni-årig skole for alle, førte dette til ein rask ekspansjon i offentleg administrasjon og utdanning ute på landsbygda. Seinare i 70-åra vart mange oppgåver overført frå hushalda til den ekspanderande helse- og sosialsektoren. Dette gjeld stell av sjuke og gamle. Dels kom dette ved at mykje av dette arbeidet ikkje lenger vart gjort i heimane. Samtidig hadde levealderen gått opp og andelen av eldre i befolkinga auka. Ikkje minst i dei rurale områda av landet førte dette med seg ei eksplosiv utvikling av helsetenesta.

Industrien voks fram til omlag 1960. Den tok så til å gå attende i relativt omfang, men denne tilbakegangen gjeld ikkje alle strok av landet, særleg då indre Austlandet, men også i andre rurale strok heldt industrien fram med å auke i omfang av sysselsettinga. Dette kom til dels av at det var utvikla støttetiltak for industrien som ville etablere seg i desse stroka. Dessutan fanst det her billeg og stabil arbeidskraft. Men når det gjeld kvinnene si yrkesdeltaking, er det den raske veksten i dei tenesteytande næringane, og særleg den offentlege sektoren, som er viktig.


Tilbakegangen i landbruksnæringa påverka kvinnene si yrkesdeltaking i forskjellige faser. I den krisa som Norge og

andre kapitalistiske land opplevde i 1930-åra, fungerte landbruket som ein "buffer". I landbruket kunne både familiearbeidskraft og leigd arbeidskraft samlast opp og oppbevarast. Denne situasjonen varte ved til etter andre verdenskrigen. Da vart situasjonen ein heilt annan. I og med gjenreisninga av landet og den raske veksten i industri og seinare den tenesteytande sektor, var mykje av den undersyssette arbeidskrafta i landbruket drenert ut. Her kan vi skilje ut tre fasar.

3.1 "Avtausiseringa"

Den første yrkesgruppa som forlet landbruket, var den kvinnelege arbeidskrafta som arbeidde for lønn.

Figur 2. Arbeidskrafta på bruca 1938-39 til 1971-72. I 1000 dagsverk, medrekna husarbeid og arbeid i eigen skog.



Kjelde: Historisk statistikk 1968.

Desse forlot landbruket i rask takt like etter at krigen vart slutt og fortsatte å forlate landbruket i heile perioden fram til i dag, slik at dei no utgjjer ein forsvinnande liten

del avsysselsettinga i landbruket.

3.2 "Avtantiseringa"

Den neste fasen i utviklinga skjedde ved at dei kvinnelege familiemedlemmene forlet landbruket. Dette gjaldt særleg søsken av brukarekteparet og tant r og onklar. Desse hadde til dels vore nødvendig arbeidskraft og til dels hadde dei overlevd på gardane i tronge tider. Når det baud seg nye sjansar utanfor landbruket, særleg i byane, forlet desse næringa i stort tal under den berømte "flukta frå landsbygda". Den eigentlege flukta frå landsbygda var slutt omkring 1960 i og med at det meste av leigd arbeidskraft og familiearbeidskraft utanfor brukarfamilien var drenert bort på dette tidspunktet.

3.3 "Avkoniseringa"

Den siste fasen vi skal beskrive starta tidleg i 60-åra. Denne prosessen er kjennetegna ved at familiebruk vart nedlagde. Både menn og kvinner vart overflødige, men nedgangen i talet på kvinnelege arbeidskrefter frå familiebruka var sterkast. Denne prosessen gjekk enno raskare enn ein kan få inntrykk av frå figur 2 da denne også omfattar husarbeid i tillegg til landbruksarbeid. Prosessen har også halde fram heilt fram til i dag. I det heile har etterkrigstida vore eit fullstendig samanbrot for det eigentlege familiebruket i norsk jordbruk. Det er denne bruksgruppa som har tatt imot dei hardaste slag i denne rasjonaliseringsperioden. Meir enn halvparten av dei eigentlege familiebruka er raderte ut og erstatta med deltidbruk eller rett og slett nedlagt.

3.4 Mellom-konklusjonar

- Kvinnene, og særleg dei yngre kvinnene, har i større grad enn mennene forlatt bygdene i den undersøkte perioden.
- Det har vore ein sterk nedgang i talet på yrkesaktive blant dei kvinnene som er att i landbruket.
- Det hardaste innhogget i talet på yrkesaktive kvinner har kome ved at familiebrukstilpassinga har brote saman i mange tilfelle.
- I tillegg har "kvinnebøndene" gått sterkt tilbake. Det vil seie kvinner som driv gardsbruk mens mennene hjelper til i onner og elles når dei er heime. (Sjå under hovudpunktet om kombinasjonsbruk.)
- Ei ny gruppe av mannsbønder har kome i staden for familiebruka. Dette er menn som driv bruka åleine mens kvinnene i stor utstrekning har gått over til å bli husmødre eller er utearbeidande (lønnsarbeid).

Vi har med andre ord sett ei sterk maskulinisering av landbruket i Norge i etterkrigstida.

3.5 Forklaringar

Vi skal søke etter forklaringane på desse fenomenane på fleire nivå.

1. Almen næringsutvikling

Vi har sett at konkurranseforholdet mellom næringane gjorde at først industrien og seinare dei tenesteytande næringane trekte arbeidskraft sterkare enn landbruket. Lønnsnivået i desse næringane var høgare enn i landbruket

i heile perioden. Dette gjorde at arbeidskraft vart soge ut av landbruket og over i desse næringane og inn til byane der desse fanst. No kan ein spørje seg kvifor kvinnene vart dei første til å ta steget. Noen vil søke forklaringa i kjønnsroller. Andre vil hevde at det var kvinnene som først var overflødige i bygdesamfunnet. Vi skal kome tilbake til dette seinare.

2. Landbrukspolitik

Det har vore ei uttalt målsetting i norsk landbrukspolitik i etterkrigstida å prioritere bærekraftige familiebruk. Desse familiebruka har i røynda vore einmannsbruk med noe supplering av arbeidskraft (ca. 1,5 årsverk). Dette har ført til at familiearbeidskraft, leigd arbeidskraft og seinare også kona si arbeidskraft har vorte overflødig. Dessutan har det skjedd ei direkte diskriminering av kvinne-bønder. Kvinner som har hatt hovuddelen av ansvaret for drifta på bruket, har hatt vanskelegare for å få lån enn andre einslege brukarar (Hetland 1982).

3. Individuelle forklaringar

For mange vart oppbrotet frå landbruksnæringa sett som ei økonomisk frigjering og som ei kvinnefrigjering. På familiebruka vart det ei frigjering i frå dobbeltarbeidet, ja, ofte trippelarbeid. Når økonomien ikkje lenger tvinga kvinnene til å ta del i gardsarbeidet, let dei vere å vera med. Like eins for den leigde arbeidskraft og for familiearbeidskraft så var det økonomisk tvang som hadde halde dei attende i landbruket.

Når nye arbeidsmuligheter sto til rådighet, vart desse valgt både av inntektsomsyn og av omsyn til eit betre arbeidsmiljø.

Ein kan derfor seie at vi ser eit paradoks her. På den eine sida mister kvinnene yrket sitt. På den andre sida opplever dei dette som ei frigjering. Ei frigjering for dei som flyttar ut og går over i andre næringar. Og det må vera opplevd som ei frigjering for dei som slutta i utearbeid og fjøs og vart husmødre med ansvar for husarbeid og omsorgsarbeid.

4. Kva skjer med kvinnearbeidet når kombinasjonsnæringane går attende?

Så langt har vi sett på tilbakegangen for landbruksnæringa i den totale økonomien og i bygdeøkonomien. Men dette dekker berre ein del av bildet. I mange stork der fiske og skogbruk stod sterkt, var det kvinnene som var dei eigentlege bøndene. Dette har gjort at noen forfattarar har meint at bøndene på mange kombinasjonsbruk var kvinnebønder (Berggren, 1982). Omsorgsbonde er også eit begrep som har vore i bruk (Saugestad-Larsen, 1980). Vi skal no sjå korleis det går med desse kombinasjonstilpasningane som i så stor grad bygde på kvinnes arbeidsinnsats.

4.1 Omsorgsbonden

I polemikk mot Brox og andre har Saugestad-Larsen hevda at uttrykket fiskar-bonde er misvisande. Det var ikkje fiskaren som var bonde, men fiskarkona. Fiskaren var heime

i onnene og hjalp til med fôrproduksjonen. I resten av året var det kvinnene som var kystens bønder. Den same argumentasjonen kan gjelde i skogsdistrikta der mennene var på skogsarbeid. Berggren har nytta tilsvarande forklaringar til etnologisk materiale (Berggren, 1982).

Desse tilpasningane braut saman i etterkrigstida. Det kan vera verdt å gå inn på ein argumentasjon korleis dette sambrotet skjedde. Ifølge Saugestad-Larsen var følgjande faktorar viktige:

1. Velstandsauken.

Denne førte til at ein del hushald ikkje trong å drive jordbruk.

2. Det lokale kvinnefellesskapet for gjensidig hjelp braut da saman.

3. Dermed vart det uhyre problematisk å vera kvinnebonde. Særleg ved sjukdom og i småbarnsperioden vart det vanskeleg å skaffe den tilleggshjelp ifrå andre heimeverande kvinner som var nødvendig.

4. Investeringane i moderne husdyrhald som kunne avhjelpt denne situasjonen vart for store, og dessutan var det utanfor kvinnes doméne å gjera denne investeringa (Saugestad-Larsen, 1980).

For vår eigen del vil vi leggje til at det nok og kunne vera eit element av fritt valg i at kvinnene ikkje gjekk ut og finansierte modernisert drift. Det kunne rett og ~~slett~~ vera slik at kvinnebonde-jordbruket vart lagt ned fordi at kvinnene ville det slik. Dei hadde nok med omsorgsarbeid

og husarbeid utan at dei i tillegg skulle vera bønder. Om dei skulle ha investert i eit moderne jordbruk, ville dette arbeidet ha kome på toppen av arbeidet med å passe barn og gjera vanleg husarbeid.

4.2 Tradisjonell og moderne arbeidsdeling


Kombinasjonsbruk har vore vanleg i mange landsdelar, også utanfor fiskeri- og skogsdistrikta. Det er ingen ting som tyder på at kombinasjonsbruket forsvinn i raskare takt enn andre gardsbruk. I det siste har det tvert imot vore ein tendens til at ein større andel av bruka blir tilført inntekter ved ulike former for yrkeskombinasjonar. Det kan derfor vera interessant å sjå på dei nyaste utviklings- trekka i kombinasjonstilpasningane. Hetland har utvikla ein typologi for ulike kombinasjonar.

- a) Tradisjonell arbeidsdeling. Denne arbeidsdelinga er lagt opp slik at mannen har arbeid utanom bruket, mens kona er heime på bruket og gjer husdyrstell og anna gardsarbeid når mannen er borte. Mannen hjelper da til i sesongar og elles når han er heime.
- b) Trippelkombinasjon. Denne kombinasjonen er lagt opp slik at både arbeider utanom bruket og både arbeider saman i gardsarbeidet.
- c) Moderne arbeidsdeling. Denne kombinasjonen er lagt opp slik at det er kvinna som arbeider for lønn ute, mens mannen er heime og tar seg av gardsarbeidet.
- d) Marginalkombinasjonar. Denne forma er lagt opp slik at inntektene som blir skaffa ved arbeid utanfor, kan

koma frå ein eller begge ektefellene, men at dette utgjør lite av hushaldsinntekta. Desse kombinasjonane av den siste typen har vore viktigare før, men er no av liten betydning.

Med data frå tre ulike lokalsamfunn og ialt 75 kombinasjonsbruk viser Hetland korleis dei ulike kombinasjonane styrker seg og svekker seg i takt med hushaldets utviklingsyklus og i takt med landbruksutviklinga.

Figur 3. Endring i yrkeskombinasjonstilpasning.



etter Hetland, 1982.

Data frå 75 bruk i

Sande, Møre og Romsdal
Agdenes, Sør-Trøndelag
Gran, Oppland

Av figuren ser vi at den mest vanlege kombinasjonen framleis er tradisjonell arbeidsdeling med mannen ute og kona heime. Den samla arbeidsinnsatsen er 1,6 årsverk likeleg fordelt på landbruket og arbeid utanfor bruket. Kona og mannen arbeider altså 0,8 årsverk tilsaman i landbruket. Som pilane viser er det ei utvikling frå denne forma til trippelkombinasjonen og moderne arbeidsdeling. Dei to siste formene er altså i ferd med å styrke seg. Særleg gjeld dette moderne arbeidsdeling som får tilsig både frå tradisjonell arbeidsdeling og trippelkombinasjon.

I trippelkombinasjonen med gjennomsnitt 1,8 årsverk er det slik at kombinasjonsdelen utgjer mest. Det vil seie arbeidet utanfor bruket utgjer tilsaman 1,2 årsverk mens arbeidet på bruket utgjer bare 0,6 årsverk. I den moderne arbeidsdelinga er det tvert imot landbruksdelen som utgjer mest, omlag 1,4 årsverk, mens kombinasjonsdelen som kona står for utgjer 0,7 årsverk.

Hetland viser også at det er ein samanheng mellom hushaldets tilpasning og dei ulike fasane i hushaldets utvikling (etablering, ekspansjon, stabilisering, oppløysing og stagnasjon). Det er slik at i etablerings- og ekspansjonsfasen så dominerer den tradisjonelle arbeidsdelinga. Kona er heime og tar seg av ein veksande familie. Men det finst også eit visst innslag av moderne arbeidsdeling i desse etableringshushalda. Dette gjeld særleg yngre familiar med utdanning. Når hushaldet er stabilisert, finn ein flest trippelkombinasjonar. Bruket utvidar og det blir gjort forsøk på å få til eit

bruk som kan gje full sysselsetting for den mannlege arbeidskrafta. Den aukande familiearbeidskrafta blir bruka til å utvide arealet og drifta.

I stagnasjonsfasen er det flest hushald med tradisjonell arbeidsdeling. Dette er eit opplagt generasjonsfenomen på den måten at desse hushalda er eldre ektepar med tradisjonelle kjønnsrollehaldningar.

4.3 Mellomkonklusjon

Vi har sett at innafor kombinasjonsbruka så taper kombinasjonane med tradisjonell arbeidsdeling terreng til fordel for trippelkombinasjon og moderne arbeidsdeling. Samtidig veit vi at det absolutte talet på kombinasjonsbruk går attende i omtrent same takt som talet på gardsbruk. Når vi veit at tilpasninga som kvinne-bonde er så sterkt knytt til kombinasjonsdrifta i spesielle strøk av landet, skjønar vi at dette er med på å undergrave dei kvinnelege arbeidsplassane i landbruket. Denne undergravinga skjer da på to måtar. Dels ved at yrkeskombinasjonar der kvinnene gjer ein mindre innsats i landbruket styrker seg, som i tilfellet med moderne arbeidsdeling. Og dels ved at dei kvinneintensive yrkeskombinasjonane er i absolutt og relativ tilbakegang. Særleg gjeld dette kvinnebøndene i fiskeristrøka.

4.4 Forklaringar

I tillegg til dei forklaringar vi har vore inne på i forrige kapittel vil vi her peike på noen i tillegg.

1. Som vi alt har nevnt var veksten i den offentlege sektoren særleg sterk når det gjaldt helse- og sosialomsorg i 1970-åra. Omsorgsrollen voks ut av heimen og over i institusjonane. Til dels vart ein del arbeid gjort i heimane i form av heimesjukepleie og husmorvikarteneste. Dette gjorde at det vart nye jobbar på landsbygda som til dels kravde utdanning, men også kunne gjerast av ufaglærte. Dette la grunnlaget for trippelkombinasjonar og moderne arbeidsdeling. Der mennene hadde vanskar med å skaffe seg arbeid, kunne kvinnene hente inntekt til hushaldet.
2. Utdanningsekspløsjonen på 1960-talet kom også jenter frå bygdene til gagn. På 70-talet kom desse attende til bygdene som kvinner med utdanning innafor blant anna helsesektoren. I dei tilfelle der desse var gifte med bønder, tvinga dette fram trippelarbeidsdeling når kvinnene ville praktisere yrket sitt. Ein ser no eit nytt fenomen. Mens kvinnene i 1950-åra tok arbeid av "nød" så tok kvinnene i 1980-åra i større grad arbeid av "lyst".

I 1950-åra var kvinnene som tok seg arbeid gifte med tømmerhoggarar, lausarbeidarar, sesongarbeidarar i jord- og skogbruk osv. Typiske jobbar for desse var ulike former for personleg tenesteyting slik som: baking, vasking, strikking, gjestebodskoking og onnearbeid. I 1980-åra kjem dei kvinnene som tar seg lønna arbeid frå dei hushalda med best økonomi. Ofte er dette bruk med ein betydeleg landbruksdel, jfr. figuren over. Desse nye yrkeskvinnene er bl.a. lærarar,

sjukepleiarar og helsesøstre.

Dersom vi skal forklare desse siste endringane, må vi gå inn på dei eindringar som har vore når det gjeld barnetal og hushaldsstorleik. For det første har bygdekvinnene på same måte som kvinnene i sentrale strom fått færre barn og dei venter lengre med å få sitt første barn. Dette gjer at den perioden kvinnene er opptatt med å yte omsorg til desse barna har vorte sterkt innskrenka. Frå å vera opptatt med barneomsorg frå 20 års alder til 60 års alder, er kvinnene no opptatt frå dei er 25 til dei er 40 år omlag. Frå då av tar utdanningsvesenet over oppgavane. Dessutan har dei eldre vorte plassert på institusjon i større grad enn tidlegare. Dette gjer at kvinnene har ein større del av si tid til rådighet for deltaking i yrkeslivet.

Ein kan sjå to typar karriere. Den første startar med utdanning, går vidare til yrke, så kjem barnefødsel (ein eller fleire) og endar opp i yrke. Den andre typen karriere startar også med ei utdanning for å gå vidare til yrke, så kjem yrke saman med barn og endar i yrke utan barn. Både desse karrieretypane fører til at kvinnene går ut i yrkeslivet i ung alder og blir verande der eller kjem att etter eit avbrot med barneomsorg.

Problemet på landsbygda dei fleste stader er at desse kvinnene manglar dei jobbane dei er utdanna for, eller dei

har ikkje den utdanning som er nødvendig for dei jobbar som er å få. Det oppstår derfor ei betydeleg undersysselssetting blant bygdekvinnene. Det er ingen utveg å komme tilbake til landbruket da denne er stengt av ein mann som sit i denne jobben. I dei tilfelle der det ikkje er utvidingsmuligheter på bruket, er det einaste utvegen å presse på arbeidsmarknaden. Det har derfor vist seg at det er stor søking til jobbar som blir ledige i slike bygdesamfunn.

5. Kva skjer med kvinnenenes yrkesdeltaking når landbruket blir modernisert?

Vi har no sett korleis familiebrukstilpasninga har gått sterkt attende og mange typar kombinasjonsbruk har stått under press. I den interne arbeidsdelinga på gardsbruka har det også skjedd betydelige endringar. Desse endringane har til dels kome på grunn av press frå ytre omstendigheter. Vi skal her ta fatt i tre viktige moderniseringstrekk ved norsk landbruk.

5.1 Spesialisering

Spesialiseringa av norsk landbruk har hatt tendens av å krystallisere ut tre hovudtypar driftsmåtar.

- a) Mjølkeproduksjon.
- b) Annan husdyrproduksjon
- c) Planteproduksjon

I husdyrproduksjonen har det vore ein alminneleg tendens til at det har vorte spesialisert til eitt dyreslag på kvart

bruk. Dei fleste har spesialisert til mjølkeproduksjon. Dermed har andre ungdyr forsvunne frå desse bruka. Til gjengjeld har andre bruk satsa på spesialisert husdyrhald innafor desse dyreslaga. Av oppstillinga nedanfor kan vi sjå kva for konsekvensar dette har hatt for kvinnearbeidet på gardane.

Figur 4. Mannsarbeid og kvinnearbeid på norske gardbruk i dag. Figur frå Landbrukets helseundersøkelse 1982.

	Mannsarbeid	Begge	Kvinnearbeid
Fjøs	Ta ut silo	Fôre storfe	Kalvdrikk
	- med hand		
	- og med grabb	Fordele kraftfor	Fôre sau, høns og gris
	Fordele gress el. silo	Mjølke	
		Reinhald	
Ute	Pløye	Hesje	Hagearbeid
	Harve	Plukke stein	Plukke bær
	Så frø, korn		
	Så kunstgjødse		
	Sprøyte		
	Skurtreske		
	Forhauste		
	Skogsarbeid		
Inne		Bera ved	Matlaging
			Vaske opp
			Vaske golv
			Vaske klær
			Stelle sjuke
			Stelle barn
			Innkjøp

Av denne figuren ser vi at av dei arbeidsoppgavane som enten er definert som kvinnearbeid eller som begge sin arbeidsoppgave, så er fleire arbeidsoperasjonar forsvunne under spesialiseringa. Fôring av sau, høns og gris forsvinn når desse dyreslaga forsvinn. Hagearbeid og bærplukking har for ein stor del vorte rasjonalisert bort ved at drifta er spesialisert og desse arbeidsoppgavane er overført til spesialproduksjonar. Moderniseringa forøvrig har sterkt redusert arbeidsoppgavar av typen hesjing og steinplukking. Att står reinhald i fjøs og fôring og mjølking av husdyr. Innafor desse arbeidsoppgavane er det tydeleg at kvinnene har ein assistentfunksjon. Unntaket er mjølkinga som var ein kvinneoppgave tidlegare og reinhald som veks direkte ut av kvinne-rolla i husarbeidet. Ein kan altså konkludere med at spesialiseringa har gått utover kvinnene sine arbeidsoppgavar. Ho er sysselsatt på kjøkkenet med omsorg og husarbeid som vi ser av nedre del av figuren. I fjøset er ho assistent og totalt betyr dette både at færre kvinner er med og at dei gjer mindre når dei først er med.

5.2 Mekaniseringa

Fleire har påvist at kvinnene har vorte mindre med i landbruksarbeidet ved innføring av ny teknologi og ved utbygging av gardsbruk. Det har sett ut til at bruksutbygging og mekanisering har skjøve kvinnene tilbake til kjøkkenet eller ut i lønna arbeid. Brunvold har forklart dette med at kvinnene har omsorgsarbeid i den perioden da mannen bygger ut bruket og øver seg opp i bruken av maskinene. Kona misser difor terreng og står eit godt stykke tilbake når

ho seinare skal ta fatt i utearbeidet (Brunvoll, 1982). Dette samsvarar forsåvidt med funn som er gjort i Finland av Siiskonen. Ifølge hennar undersøking av finske bondekoner så manglar dei i stor grad sjølvtilitt og ønske om å ta del i utearbeidet på garden (Siiskonen et al., 1982). Vi vil for vår del hevde at ein her kan skilje mellom lett og tung teknologi. Med tung teknologi meiner vi her maskinelt utstyr der ein i tillegg til å lære seg å bruke dette også må bruke muskelkraft. Som eksempel på dette kan ein ha traktor med tung reiskap som skal monterast. Det ser i høg grad ut til at dette verkar avskrekkande på kvinnene. Derimot ser det ut til at lett teknologi, teknologi der det ikkje er stor innsats av muskelkraft, ikkje avskrekker kvinnene. Dette gjeld f.eks. mjølkemaskin, vaskemaskin, elektrisk komfyr, oppvaskmaskin, støvsugar etc. Ein kan derfor tenke seg at ein i framtida med mogleg automasjon i landbruksyrket vil få ei anna utvikling enn den ein har sett til no da mekani-seringa i større grad har skjøve kvinneleg arbeidskraft ut av landbruket.

5.3 Kapitalisering

Den stadig aukande innsatsen av framand kapital i landbruket, har heller ikkje begunstiga kvinnene. Som vi tidlegare har nemnt har det vore ein viss direkte diskriminering av kvinne-bønder (Hetland, 1982). Men ein har også sett at utbygginga av gardsbruk i stor utstrekning har resultert i einperson-bruk og det har betydd einmannsbruk. I landbrukspolitisk sammenheng heiter dette familiebruk, men det kan knapt vera tale om det i og med at dei i storleik ligg på ca. 1,5 årsverk. Det halve årsverket skal så ektefelle, kårfolk og

barn svare for. I mange tilfelle så greier ektemannen dette åleine i store delar av året. Vi har derfor fått ein arbeidshistorisk nyskapning i landbruket: mannsbonden.

Mens ein altså tidlegare har sett kvinnebønder i stor utstrekning, har ein i liten grad sett tilsvarande mannsbønder. På dei fleste bruk fanst det kvinneleg arbeidskraft, og det var stort sett den mannlege arbeidskrafta som søkte ut til anna arbeid. Det ein no ser er mannsbønder som driv jordbruksproduksjonen omtrent åleine. Dette gjeld særleg dei moderne bruka, og kanskje i størst grad planteproduksjonsbruk.

Ei av drivkreftene i utviklinga av denne mannsbonden har uten tvil vore kapitaliseringa. Ved at det trengst ein stadig større innsats av lånt kapital for å finansiere produksjonen, har utbygginga ein tendens til å stanse opp på det nivået at det gir arbeid til ein vaksen person heile året. Ei utbygging ut over dette blir av brukarfamilien ansett unødvendig og av offentlege styresmakter ansett som ugjennomførleg. Kona sin oppgave i eit slikt hushald blir å reprodusere mannens arbeidskraft (Bouquet, 1981).

6. Avsluttande konklusjon

Vi har i denne artikkelen vist at

- det har skjedd ei sterk avspalting av leig arbeidskraft i norsk jordbruk i etterkrigstida, og denne avspalting har i størst grad ramma kvinnene

- familiebrukstilpassinga har i stor grad brote saman og dette har også ramma kvinnene sterkt fordi at dei i mindre grad har skaffa seg posisjon som yrkesaktiv utanfor jordbruket
- på dei gardane som framleis er i drift er det færre kvinner som no er med i gardsarbeidet enn før
- blant dei kvinnene som er med i gardsarbeidet så er det ein tendens til at dei gjer mindre enn før, dei har vorte mannens assistent.

Desse tendensane til saman peikar mot ei maskulinisering av landbruksarbeidet. Det har tildelt kvinnene rollen som reprodusent av mannens arbeidskraft. Det har i stor grad avskaffa den særeigne tilpassinga som kvinnebonde eller omsorgsbonde. I staden er det utvikla ei ny tilpasning - mannsbonden - som tidlegare ikkje hadde noe omfang av betydning.

Vi kan sjå fleire fordelar og ulemper med denne utviklinga. Sjølv om bygdekvinnene i etterkrigstida har mista den viktigaste arbeidsplassen sin på landsbygda, så har dette på den positive sida resultert i

- a) meir fritid,
- b) meir tid til å ta seg av barna,
- c) meir tid til å gjera husarbeid.

På den negative sida kan vi nevne at det har

- a) svekka bygdekvinnenes yrkesstatus,
- b) gitt dei mindre makt og
- c) skapt ei skjult arbeidsløyse eller undersyssetning.

Derfor er det også ei todelt haldning i den kampen dagens bygdekvinner fører. På den eine sida er dei fornøgd med å ha fått ein lettare yrkessituasjon. Men på den andre sida kjenner dei seg skilt ut frå deltaking i inntektsgjevande arbeid og i beslutningsprosessane i bygdesamfunnet. Dei krever difor ein større plass både i hushaldet og i lokal-samfunnets beslutningsprosess. Ved sida av deira eigen kamp i denne samanheng kan vi sjå to viktige utviklingstrekk som vil kunne påverke bygdekvinneenes stilling i framtida.

For det første gjeld dette den viktige endringa av odelsloven som gir eldste jente fødd etter 1965 rett til å ta over eit bruk framfor ein eventuell yngre bror. Gutar fødd før 1965 har framleis odelsrett framfor eldre søstre. Når den nye generasjonen odelsjenter tar til å kome i den alder at dei er potensielle bønder, vil ein få sjå om denne endringa av odelsloven får materielle konsekvensar. Ein skulle alt no kunne anta at dette vil åpne jordbruket for nye impulsar også når det gjeld kjønnsrollar.

Det andre viktige trekket som er observert ein del år no er den aukande andelen av jenter som går landbruksskolar. Den vesle andelen av jenter med landbruksutdanning er med på å forklare at jentene ikkje har sjølvtilitt nok til å ta del i den daglege drifta av garden som dei kanskje gjerne ville. Siiskonen har også påvist samanhengen her mellom utdanningsnivå, sjølvtilitt og innflytelse (Siiskonen, 1982). Med eit aukande innslag av jenter med landbruksutdanning på bygdene vil ein nok kunne sjå at dette verkar inn på haldningane til jenters medverknad, både blant dei sjølve og blant gutane.

LITTERATUR

Almås, Reidar. Jordbruksarbeid og helse. Rapport no.1, 1982, NLVF's Bygdeforskningsgruppe, Institutt for sosiologi, Universitetet i Trondheim.

Berggren, Brit. Det tradisjonelle Bygde-Norge og arbeidsdelingen mellom kjønnene under 1800-tallets kulturskifte. Dugnad vol 8, 2/3 1982.

Bjøru, Kirsten og Skrede, Kari. Familiemønster i forandring. INAS-rapport 82:1, Oslo 1982.

Bouquet, Mary. Women's Work in Rural South-West England. Paper to the XI. European Congress of Rural Sociology, Helsinki 1981.

Brunvoll, Ellen Karin. Arbeidsdeling i jordbruksfamilien i etterkrigstida-ei undersøking frå Selbu. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Trondheim 1982.

Gasson, Ruth. Opportunities for Women in Agriculture. Occasional Papers no.5, Departement of Environmental Studies and Planning, Wye College, Ashford, 1981.

Grønmo, Sigmund og Lingsom, Susan. Sexual Differences in household work: Patterns of time-use change in Norway. Paper presented to the X. Congress of Sociology, Mexico City, 1982.

Hetland, Per. Yrkeskombinasjoner og silingsmekanismer i bruksutbygginga. Prosjektnotat nr. 3, Oppland distrikthøgskole, Lillehammer 1982.

Inhetteven, Heide. "Nie fertig mit anschaffen und anpassen". Kleinbauern zwischen Tradition und Fortschritt. Sociologia Ruralis vol. XXII, 3/4 1982.

Siiskonen, Pirjo, Parviainen, Annamari og Köppä, Tapani.
Women in Agriculture. A Study of Equality and the
Position of Women engaged in Agriculture in Finland in
1980. Report no. 27, Pellervo Economic Research Institute,
Espoo, 1982.

Saugestad Larsen, Sidsel. Omsorgsbonden. Tidsskrift for
samfunnsforskning, no. 3/4 1980.

Ødegård, Jørn. Landbrukets helseundersøkelse 1982. Kodebok
med fordelinger-Bondekona. Rapport no. 2, 1982, NLVF's
Bygdeforskningsgruppe, Institutt for sosiologi,
Universitetet i Trondheim.